

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 03.06.2014

Ymse

Innleiarar

- a) Presentasjon av vinnar av Fylkesmessa i Entreprenørskap v/Hilde Gjester Hoel og Amalie Øyre Trones
- b) Næringsbarometer v/Jon Erik Vollan
- c) Orientering om Kyrre skole v/Kari Spilsberg og Nathalie Ponroy

Dokument utlagt i møtet

Brosjyre: «Internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane i HFK»

Open time

Rosalind Fosse sette på vegner av FRP fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

- «1. OPHE ber om en sak med konkrete tiltak med hensyn til å forbedre lærebedriftenes tilfredshet med elevene de mottar fra vgs. jfr. undersøkelse om fagopplæring i Næringsbarometeret 2014.
- 2. OPHE ber om en kartlegging av kommunene i fylket. Status for lærlinger i egen kommune de tre siste år, samt plan for inntak av lærlinger 2014/2015. Herunder årsaker til avvik, sett i forhold til mål om å øke antall lærlinger i offentlig sektor. Videre, hva skal til for at kommunen skal øke med minimum 20% i forhold til dagens situasjon».

Røysting

Fosse sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt fylkesrådmannen.